

Arkiv: <arkivID><jplD> FA-C45, TI-&40
JournalpostID:
Sakshandsamar:
Dato: 04.03.2021

Saksframlegg

| Saknr. | Utval | Møtedato |
|--------|-------------------|------------|
| 023/21 | Alver formannskap | 11.03.2021 |

Pilotprosjekt - Vestlandets flytande litteraturhus - ny handsaming

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Formannskapet stiller seg positive til pilotprosjektet Vestlandet sitt flytande litteraturhus.

Finansiering vert dekkja av eksterne prosjektmidlar.

Evalueringsrapport vert sendt utval for oppvekst, kunnskap og kultur og formannskapet etter at pilotprosjektet er avslutta

Alver formannskap 11.03.2021:

Handsaming:

Tillegg frå SP, AP, KRF og H ved T.Larsen-H:

Formannskapet presiserer at at dette er eit pilotprosjekt for 2021 finansiert med eksterne midlar. Alver kommune kan ikkje garantere finansiering av vidare drift etter endt pilotprosjekt

Tilleggsframlegget vart samrøystes vedteke.

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

FO- 023/21 Vedtak:

Formannskapet stiller seg positive til pilotprosjektet Vestlandet sitt flytande litteraturhus.

Finansiering vert dekkja av eksterne prosjektmidlar.

Evalueringsrapport vert sendt utval for oppvekst, kunnskap og kultur og formannskapet etter at pilotprosjektet er avslutta

Formannskapet presiserer at at dette er eit pilotprosjekt for 2021 finansiert med eksterne midlar. Alver kommune kan ikkje garantere finansiering av vidare drift etter endt pilotprosjekt

Politisk handsaming

Saka skal avgjerast i formannskapet

Bakgrunn:

Sak om «Pilotprosjekt – Vestlandet sitt flytande litteraturhus» var til handsaming i Alver formannskap den 04.02.2021 (FO-004/21), med vedtak:

Formannskapet utset saka og ber om at det legges fram fullstendig pilotprosjekt og finansieringsplan både for pilotprosjektet og korleis ein skal finansiere dette vidare. Relevant dokumentasjon må følgje med saken.

Saksopplysingar:

Generelt om prosjektarbeid i biblioteka

Strilabiblioteket, og dei tidlegare biblioteka som utgjer Strilabiblioteket i dag, har på line med mange bibliotek i

landet tradisjon for å integrere prosjekterelatert arbeid i den daglege drifta. Ein av dei årlege rapporteringspostane til Nasjonalbiblioteket er kor mange prosjekt biblioteket har teke del i rapporteringsåret og kor stort tilskot biblioteket har fått tilført utanfrå kommunen.

Den største bidragsytaren til prosjekt/utviklingsarbeid er staten, som kvart år set av ein sum til utviklingsarbeid i folkebibliotek. Midlane skal stimulere til utvikling i norske folke- og fagbibliotek. Dei prosjekta biblioteket søker om støtte til er prosjekt som kan bidra til vidareutvikling av dei lovpålagte oppgåvene til den kommunale bibliotektenesta.

Prosjektomgrepet er her grunnleggande og ikkje nytta på same vis som ved sektorovergripande administrative prosjekt i kommunen, som har eigen metodikk, retningslinjer og framgangsmåtar for styring. Utviklingsprosjekta i biblioteket har styring etter enklare mal for gjennomføringa og er forankra i avdelinga som del av utviklingsarbeidet i drifta. Når biblioteket er del av sektorivergripande prosjekt, jobbar ein etter gjeldande prosjektmetodikk for Alver, med retningslinjer og framgangsmåtar for styring.

Nasjonalbiblioteket brukar følgjande prosjektkriterie for tildeling av midlar;

Leder for biblioteket er ansvarlig for søknaden og gjennomføring av prosjektet/tiltaket.

Prosjektet/tiltaket skal gjennomførers i tråd med beskrivelsen i søknaden.

Dersom prosjektet/tiltaket ikke kommer i gang som planlagt eller utsettes for betydelige forsinkelser, kan Nasjonalbiblioteket trekke tilbake ubenyttede midler. Tilskuddsmottaker plikter å gjøre Nasjonalbiblioteket oppmerksom på slike forhold så snart som mulig.

Tilskuddsmottakere skal så snart som mulig, og senest tre måneder etter at prosjektet/tiltaket er avsluttet, sende rapport til Nasjonalbiblioteket om at prosjektet/tiltaket er gjennomført. Rapport sendes inn med elektronisk skjema på nettstedet bibliotekutvikling.no.

Nasjonalbiblioteket vil legge vekt på oppfølging og rapportering ved vurdering av kommende søknader om utviklingsmidler.

For tilskudd kr. 400 000 eller høyere skal det sammen med rapporten sendes inn revidert regnskap for disponeringen av tilskuddet.

For tilskudd under kr. 400 000 skal det sammen med rapporten sendes inn regnskapsoversikt for disponeringen av tilskuddet, signert av tilskuddsmottaker.

Vesentlige avvik mellom aktuelt budsjett og regnskap skal kommenteres.

Om pågåande prosjekt i biblioteket, og gjennomføringsmodell for desse

I år tek Strilabiblioteket del i følgjande fem utviklingsprosjekt, to av dei støtta av Nasjonalbiblioteket:

| Prosjekt | Tilskot | Tilskotsytar | Samarbeidspartar |
|---|---------|---|---|
| Filmatisk formidling | 400 000 | Nasjonalbiblioteket | Alver, Bergen, Modalen, Fedje, Voss |
| Denne boka: Oppbygging av ei fast formidlingsgruppe ved fire bibliotek i Nordhordland | 250 000 | Nasjonalbiblioteket | Alver, Osterøy, Fedje, Modalen |
| Digital kompetanseheving for utsette innbyggjarar under koronaepidemien | 100 000 | Kommunal- og moderniseringsdepartementet | Knarvik frivilligsentral /Frivilligsentralane i Alver |
| Rom for møte – teknologi, spel og integrering | 35 000 | Vestland fylkeskommune | |
| Pilotprosjekt – Vestlandets flytande litteraturhus | 500 000 | Fritt ord, Bibliotekarforbundet, Biblioteksentralen, Forleggerforeningen. | 29 kommunar i Vestland og Rogaland |

Alle prosjekta har prosjektbeskriving med mål, tiltak og framdriftsplan, budsjett rapport med evaluering av prosjektet og budsjett og rekneskap.

Kriterium for å søkje og/eller delta i prosjekt er at innhaldet i prosjekta skal vere i tråd med biblioteket sitt mandat for drift, og at gjennomføringa kan finne stad innafør avdelinga sine økonomiske rammer. Biblioteket har aldri hatt behov for ekstraløyvingar ved gjennomføring av prosjekt.

Bakgrunn for pilotprosjektet «Vestlandet sitt flytande litteraturhus»

I følgje biblioteklova si formålsparagraf skal biblioteka bidra til kulturelle opplevingar, samtale og debatt, og tenesta skal være utadretta. Nye formidlingsstadar utanfor biblioteklokala vert vektlagt i Nasjonalbiblioteket sin bibliotekstrategi: *Biblioteket må tilby sine tjenester utenfor bibliotekrommet. Rom for demokrati og dannelse Nasjonal bibliotekstrategi 2020–2023. Kulturdepartementet, Kunnskapsdepartementet.*

Pilotprosjektet står i vidare tilhøve til vedtak i Vestland fylkesting, den 09.06.2020 i sak 50/2020, der det vert peikt til mellom anna mobile kulturhus og møteplassar.

1. *Vestland fylkeskommune sin bibliotekpolitikk har som føremål å støtte og utvikle regional infrastruktur og tenester, jamne ut forskjellar mellom biblioteka, og gje grunnlag for fagleg utvikling og gode nettverk i samarbeid med kommunane i heile fylket.*
2. *Vestland fylkeskommune avsluttar bokbåttene etter vårsesongen 2020. For å utvikla mobile bibliotektenester i heile fylket, vert det etablert ei tilskotsordning til interkommunale og kommunale tiltak. Fylkestinget understrekar at ei slik ordning både skal kunna gje tilskot til tradisjonelle bibliotektenester og til tiltak som kan fungera som mobile kulturhus/møteplassar.*
3. *Fylkestinget vil prioritere tiltak med utjamnande effekt, mellom anna ved å etablere tilskotsordningar som støttar fornying av biblioteklokale, tilskot til interkommunale og kommunale kulturprosjekt og kompetanseheving i samarbeid med kommunane*

Lindås bibliotek hadde i si tid ansvaret for å drifte den dåverande bokbåttene. Personalet registrerte at mange deltok på arrangementa, og at mange av dei som møtte opp på stoppa ikkje var faste bibliotekbrukarar.

Då Epos vart fristilt frå den tidlegare bokbåttdrifta, ønskte Strilabiblioteket å sjå på høva for å prøve ut båten innafør eit formidlings- og litteraturhusperspektiv, i tråd med den nasjonale bibliotekstrategien og i høve vedtaket i fylkestinget.

For å sjå om eit forsøk som dette kunne la seg realisere vart det sendt ut ein invitasjon til biblioteka i nordre del av Rogaland, til biblioteka i Vestland og i søre del av Møre og Romsdal om å delta i eit treårig prosjekt. Dette var eit inviterande sonderingsbrev for å undersøkje om det var interesse for deltaking i eit prosjekt som dette eller ikkje, i forkant av førebuingarbeidet. I ettertid måtte prosjektet konkretiserast i ein prosjektplan, som igjen ville danne grunnlaget for ein prosjektsøknad.

27 bibliotek melde si interesse, og det vart sett ned ei lokal arbeidsgruppe med avdelingsleiar og to bibliotekarar i Alver for å utarbeide prosjektplanar

Det vart tidleg klart i prosessen at eit mogleg 3-årig prosjekt ville trengje eit eittårig pilotprosjekt for å gje svar på mellom anna følgjande:

- Korleis fungerer lokalt organiserte litteraturhusdagar?
- Korleis er interessa for deltaking blant lokalbefolkninga?
- Korleis fungerer samarbeidet lokalt?
- Korleis kan eit treårig prosjekt organiserast?
- Kan modellen for samarbeid vidareutviklast?
- Kan det utarbeidast andre modellar for vidare drift?
- Korleis kan eit mogleg hovudprosjekt finansierast?

Pilotprosjektet måtte utgreie moglegheit for framhald av tiltaket i eit hovudprosjekt gjennom ei evaluering av pilotprosjektet, og kva desse erfaringane vil tyde for eventuelt vidare drift og organisering.

Arbeidsgruppa bestemte seg for å søkje Fritt Ord om pengar til å gjennomføre ein litteraturhus-tur over 40 dagar og evaluere grunnlag for eit eventuelt vidare prosjekt gjennom å finne svar på ovannemnde spørsmål .

Vurdering

Prosjektet har sin bakgrunn i formålsparagrafen i Lov om folkebibliotek, verkeområdet for bibliotekinstusjonen, Nasjonalbibliotekets strategiar og står i høve vedtak i Vestland fylkesting den 9. juni 2020. Prosjektet er organisert som eit utviklingsprosjekt i Strilabiblioteket, og trekk ikkje ekstra ressursar frå drifta i avdelinga eller andre delar av organisasjonen. I forkant av prosjektets oppstart vart det sondert knytt til eit lenger prosjekt, og dette vart endra til eit pilotprosjekt.

Alver kommune og Strilabiblioteket si rolle er som prosjektleiar, fasilitator og koordinator, med ansvar for organisering av ruta og tilhøvet til båtdriftar. Dette tilhøvet og eventuell risiko er avklart i høve Lov om offentlige anskaffelser og framlagt avtale/kravspesifikasjon.

Båtleiga er vurdert som direkteanskaffing, med konklusjon om at det ikkje er andre leverandørar i Noreg for det aktuelle behovet, og at det vil derfor kunne forsvarast at ein inngår ein avtale direkte med den aktuelle leverandøren for å dekkje pilotprosjektet sitt behov.

Avtalen er godkjent av båtdriftar. Gjennomføring og planlegging av innhaldet er dei totalt 29 kommunane sitt ansvar.

Prosjektet er ein pilot, og skal danne erfaringar ved drift og gjennomføring av eit mobilt og sjøgåande litteraturhuskonsept på Vestlandet. Alver kommune og Strilabiblioteket si rolle er tilknytt denne fasen, og ein har ikkje eit ansvar eller forventning for eventuelle vidare prosjektarbeid og -fasar. Pilotprosjektet er vidare eit samarbeid mellom kommunane, der alle kommunane har sin del av piloten. Gjennomføring av piloten er ikkje naudsynlegvis forbundet med Alver kommune si koordineringsrolle.

Ein har i løpet av pilotprosjektet erkjent at utprøving av den tidlegare bokbåten på ein ny måte har ein politisk dimensjon, og at piloten slik kunne vore orientert om på eit tidlegare tidspunkt. Dei ulike utviklingsprosjekta innan bibliotekinstusjonen vert normalt ikkje forankra politisk, og Lov om folkebibliotek gir bibliotekinstusjonen ei tydeleg oppgåve ved å utvikle innhaldet i biblioteket innan gjeldande rammer. Ei eventuell lokal forankring av pilotprosjektet vil vere ein styrke i høve andre søknadsordningar, der vidare tilskot kan vere med og utdjupe kvalitative aspekt ved gjennomføringa av piloten.

Piloten er likevel finansiert i høve framlagt avtale, og finansiering av arrangementa står kvar deltakarkommune for. Desse midlane vert henta frå dei einskilde biblioteka sine arrangementsbudsjett og -tidsressurs.

Vedlegg i saken:

| | | |
|------------|--|---------|
| 04.03.2021 | Vedlegg 1 - Pilotprosjektskildring Vestlandet sitt flytande litteraturhus | 1521970 |
| 04.03.2021 | Vedlegg 2 - Kravspesifikasjon Leige av båt i prosjektet Vestlandet sitt flytande litteraturhus | 1521971 |
| 04.03.2021 | Vedlegg 3 - Direkteanskaffing - vurdering | 1521972 |
| 04.03.2021 | Vedlegg 4 - Deltakarliste | 1521973 |
| 04.03.2021 | Vedlegg 5 - Rute | 1521974 |
| 04.03.2021 | Vedlegg 6 - Saksprotokollar VLFK | 1521975 |
| 04.03.2021 | Vedlegg 7 - Søknad fritt ord | 1521977 |
| 04.03.2021 | Vedlegg 8 - Svar søknad Fritt Ord | 1521978 |
| 04.03.2021 | Vedlegg 9 - Invitasjon prosjekt | 1521979 |

